



TELEMARK
fylkeskommune

Klima- og miljødepartement
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

/Team næring og innovasjon

Vår dato	11.12.2017
Deres dato	2017-10-05T00:00:00
Vår referanse	17/14655-8
Deres referanse	12/3974
Vår saksbehandler	Ingrid Strande

Svar på høring av forslag til endringer i vannforskriften og naturmangfoldloven

Vedtak i sak 134/17 i Telemark fylkesting den 6. des. 2017 er fylkestingets svar på høring av forslag til endringer i vannforskriften og naturmangfoldloven. Høringssvar med saksframlegg vedlagt.

Med vennlig hilsen

Ingrid Strande

ingrid.strande@t-fk.no
+47 35 91 74 31
Rådgiver team næring og innovasjon

2 vedlegg.

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.



/Team næring og innovasjon

Vår dato 11.12.2017
Vår referanse 17/14655-8

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Klima- og miljødepartement		Postboks 8013 Dep	0030 OSLO
Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Skien kommune		Postboks 158 Sentrum	3701 SKIEN
Aust-Agder Fylkeskommune		Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Bamble kommune		Postboks 80	3993 LANGESUND
Buskerud fylkeskommune		Postboks 3563	3007 DRAMMEN
Bø kommune		Bøgata 67	3800 BØ I TELEMARK
Drangedal kommune		Gudbrandsvei 7	3750 DRANGEDAL
Fyresdal kommune		Klokkarhamaren 6	3870 FYRESDAL
Hjartdal kommune		Kommunehuset	3692 SAULAND
Kragerø kommune		Postboks 128	3791 KRAGERØ
Kviteseid kommune		Kviteseidgata 13	3850 KVITeseID
Nissedal kommune		Treungvegen 398	3855 TREUNGEN
Nome kommune		Ringsevja 30	3830 ULEFOSS
Notodden kommune		Postboks 193	3672 NOTODDEN
Oppland fylkeskommune		Postboks 988	2626 LILLEHAMMER
Porsgrunn kommune		Postboks 128	3901 PORSGRUNN
Rogaland Fylkeskommune		Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER
Sauherad kommune		Idunvoll 3	3812 AKKERHAUGEN
Seljord kommune		Brøløsvegen 13 A	3840 SELJORD
Siljan kommune		Postboks 16	3749 SILJAN
Tinn kommune		SentralarkivetPostboks 14	3661 RJUKAN
Tokke kommune		Storvegen 60	3880 DALEN
Vest-Agder fylkeskommune		Postboks 517 Lund	4605 KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune		Pb. 2163	3103 TØNSBERG
Vinje kommune		Vinjevegen 192	3890 VINJE



Arkivsak-dok. 17/14655-3
Sakshandsamar Ingrid Strande

Fylkesutvalet
Fylkestinget

Møtedato
22.11.2017
06.12.2017

Høyring av framlegg til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova

Forslag frå fylkesrådmannen:

1. Telemark fylkeskommune støttar ikkje dei endringane som er foreslått i vassforskrifta om at vassforvaltingsplanane ikkje lenger skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunane ikkje skal ha formell rolle i vassforvaltingsarbeidet.
2. Telemark fylkeskommune meiner at:
 - a. regional plan etter plan- og bygningslova er eit godt verktøy for å fremja sektorovergripande heilskapleg vassforvaltning og å nå måla om godt vassmiljø.
 - b. dagens organisering av vassforvaltinga bør halde fram for å sikra ein «botn-opp»- forvaltning med politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
 - c. det regionale forvaltingsnivået som fylkeskommunane representerer framleis bør ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vassforvaltingsplanane med tiltaksprogram. Dette mellom anna fordi fylkeskommunane har rolla som regional samordnar og samfunnsutviklar.
 - d. omfattande endringar i vassforskrifta ikkje kan innførast før ein har sett i verk tiltaksprogramma og evaluert både plan og tiltaksgjennomføring samla.
 - e. før ein fastset ny vassforskrift bør ein sjå det statlege ekspertutvalet sine konklusjonar om organisering av statlege oppgåver med sikte på å føre over fleire oppgåver frå stat til nytt regionalt folkevalt nivå, jfr. Regionreforma.
 - f. Om vassforskrifta skal endrast, må den fastsetje kva verknad dei vedtekne regionale vassforvaltingsplanane vil ha om ev. ny forskrift vert sett i verk.
 - g. Ved ev. endring av forskrifta må det stå at organisering med vassområde skal vidareførast; ikkje kan slik det står i framlegget.
 - h. Arbeidet i vassområda har generert kunnskap og kompetanse. Det er etablert gode samarbeidsformar som er viktige å føre vidare. Det må sikrast forutsigbar finansiering av drifta av vassområda slik at kompetansen vert oppretthalde.

Bakgrunn for saka:

I brev datert 5.10.2017 har Klima- og miljødepartementet (KLD) sendt på høyring framlegg til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova (Vedlegg 1 og 2). Det vert foreslått at:

- vassforvaltingsplanane ikkje lenger skal vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova (Pbl). Ei slik kopling frå Pbl fører med seg at dei fylkeskommunane som i dag er vassregionstyresmakt ikkje lenger skal ha formell rolle i arbeidet.
- fylkeskommunane med plan- og prosessansvar for vassforvaltinga innafor eige fylke (som Telemark) heller ikkje skal ha nokon formell rolle utover sektoransvaret sitt.
- utvalde fylkesmenn får ansvaret for å koordinere det førebuande regionale arbeidet
- dagens krav i vassforskrifta om organisering og prosess vert foreslått fjerna.
- fylkesmannen kan avgjere om det er formålstenleg å dele inn vassregionen i vassområder, og kan sjølv avgjere korleis samarbeidet skal verte organisert på lokalt nivå.
- i samråd med andre direktorat skal miljødirektoratet (Mdir.)utarbeide oppdaterte vassforvaltingsplanar og sørge for høyring av desse. Mdir. skal sende si tilråding til Klima- og miljødepartementet som godkjenner planane.
- at naturmangfaldlova erstattar plan- og bygningslova som ei av dei tre heimelslovane for vassforskrifta.
- det må gjennomførast nokre harmoniseringar for å få vassforskrifta meir i samsvar med vassdirektivet.
- Lov- og forskriftsendringane vert foreslått å tre i kraft frå 1.7.2018. Høyringsfrist er 15.1.2018.

Hovudpunkt i grunngjevinga frå departementet for endringsforslaget:

1. Meir effektivt.
 - a. Departementet meiner at arbeid gjennom regionale planar etter Pbl er for omfattande, omstendelege og ressurskrevjande.
 - b. Departementet meiner at det er dei nasjonale vassmiljøinteressene som er viktigast i dette arbeidet. Organisering og gjennomføring bør difor verte styrt frå staten direkte. Ved å kople av regionalt og lokalt politisk ledd vil arbeidet med å «revurdere og oppdatere» vassforvaltingsplanane med tiltaksprogram fremja dei nasjonale interessene på ein betre måte.
2. Økonomi- det vert mindre kostnadskrevjande når arbeidet gjeng føre seg i direkte liner i statlig regi: fylkesmann- direktorat-departement.
3. Harmonisering med vassdirektivet

Saksopplysningar:

- EUs rammedirektiv for vatn blei vedtatt i EU i 2000;- og innført i norsk lovgiving gjennom vassforskrifta i 2007.
- Formål: å sikre godt vassmiljø og bærekraftig bruk av vassressursane.
- Vassforvaltinga skal være heilskapleg og basert på nedbørfelt, på tvers av geografiske og administrative grenser.
- Norge er delt inn i 11 vassregionar. Frå 2010 har éin fylkeskommune i kvar vassregion hatt rolla som «vass-styresmakt» som koordinerer plan- og prosessarbeidet i heile vassregionen mens dei andre fylkeskommunane, som Telemark, har plan- og prosessansvar innafor eige fylke. Telemark høyrer til i tre vassregionar: Vest- Viken, Agder og Rogaland.
- Vassforskriftsarbeidet går i 6 års periodar. Fyrste landsdekkjande planperiode var 2010-2015.
- Gjeldande planar som vart vedtekne i fylkestinga i 2015 og godkjend med endringar i KLD i 2016, skal følges opp og tiltak skal gjennomførast innan 2021.
- I same periode (2016-2021) skal planane rullerast; - for vedtak og godkjenning i 2021.
- Lokalt har vassstyresmakta og fylkeskommunane organisert arbeidet i nedbørfeltvise vassområde med tilsette koordinatorar. Vassområda har arbeidsgrupper og styringsgrupper der politikarar frå kommunane og fylkeskommunane deltek. Frivillig sektor, næringsliv og nokre fagsektorar er involvera i ulik grad i lokale vassområde.
- Dagens organisering har vore nybrottsarbeid. Den har sikra politisk forankring og aktiv lokal deltaking. Ordninga har forbettringspotensiale, noko som mellom anna følgjeforskning viser.

- Kommunar og fylkeskommunar har gjennom politiske vedtak blitt einige om spleiselag for å få til samordning gjennom vassområdekoordinatorar. Miljødirektoratet, nokre fylkesmenn og også andre instansar deltek med midlar inn i slike spleiselag. Dette har variert frå år til år, - noko som gjer det vanskeleg å planlegge arbeidet på lang sikt slik.



- I perioden 2010-2017 er det bygd opp viktig kunnskap og kompetanse gjennom lokale og regionale vassområdekoordinatorar. Telemark har i så måte vore eit fylke som fekk på plass ei god og stabil organisering frå vi fekk mandatet i 2010.
- Telemark har sett av midlar på eige budsjett (sjå FU-sak 63/16) til arbeidet i vassområda.
- Økonomiske middel som fylka har fått og som i stor grad har gått til vassområda, skal etter departementets forslag no gå til fylkesmann og sentral stat.

KS har utarbeidd rapport om administrative kostnader for kommunane:

<http://www.vannportalen.no/nyheter/2017/okt-des/rapport-om-kommunesektorens-kostander-med-vannforvaltning/>

Rapporten er tydeleg i si konklusjon på at dei samla tilskota som vassforvaltinga på regionalt og lokalt plan får frå staten, må gi sikrere økonomiske rammer over tid. Dei må også stå i samband med kompleksitet og omfang av oppgåvene. Til no har det vore økonomisk underdekning frå staten si side i høve til dei administrative vassforvaltingsoppgåvene staten legg på regionale og kommunale ledd.

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) har forska på vassforvaltingsarbeidet. H

<http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NIBR/Publikasjoner/Sammen-om-vannet>

Hovudinntrykk frå studien:

- dei aktørane som deltek i arbeidet, kommunar, fylkeskommunar og regionale statlege styresmakter, opplever at den nye vassforvaltinga er føremålstenleg og bidrar til at vassmiljøet vert betre på sikt og at
- omsynet til vassmiljøet vert betre teken vare på i kvar sektor.
- Eit av dei tydelegaste funna er oppleving hos alle aktørgrupper at nedbørfeltorientert tenking, har ført til eit meir heilskapleg perspektiv på vassdragsforvalting.
- At det å ha gode koordinatorar er særskild viktig for resultatet av arbeidet.

Riksrevisjonen (RRV) <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter/Sider/Vann.aspx> har undersøkt KLD sitt arbeid med å sikre godt vassmiljø og bærekraftig bruk av vassressursane. RRV kom fram til at

- KLD saman med ansvarlege sektordepartement ikkje har lagt godt nok til rette for det regionale planarbeidet
- til tross for at KLD ikkje har lagt godt nok til rette, har dagens organisering gitt kommunale og regionale plan- og sektorstyresmakter anledning til å samarbeide og å ta viktige avgjersler om vassmiljøet og korleis vassressursane kan verte brukt.

Vassregionane si politiske arbeidsgruppe har på vegne av dei 11 vassregionane sendt ut ei pressemelding dat. 19.oktober 2017 (Vedlegg 3) Dei skriv mellom anna:

- at vassforvaltingsplanane må halde fram som regionale planar etter Pbl.
- at nasjonal vasspolitikk er avhengig av lokal og regional samfunnsutvikling.
- at fylkeskommunane har bidratt positivt til meir entusiasme og konsensus lokalt og regionalt om måla for godt vassmiljø
- dei føreslåtte endringane bryt med regjeringas mål om å styrke lokalt sjølstyre.

Vurdering frå fylkesrådmannen:

Forslaget til endringar er grunngeve med effektivitet, kostnad og dessutan harmonisering til vassdirektivet. Det saknast ei grunngeving frå departementet om at desse endringane er naudsynte for at vatnet skal bli betre; at ein når målet om godt vassmiljø.

Effektivitet.

For å få samordna gjennomføring av naudsynte miljøtiltak i vassdraga, bør eigarskapet til planane vere mest mogleg bunden opp til lokal og regional kunnskap og demokratiske avgjersler. I eit nybrottsarbeid som dette er, må ein rekne med at det tar tid før alle finn rolla si og samordning fungerer optimalt. Etter plan- og bygningslova gjeld klare planprosessar med stor grad av medverknad. Politisk vedtekne planar etter Pbl er rettslege styringsdokument. Bl.a. difor bør vassforvaltingsplanane fortsatt koplust til plan- og bygningslova.

Kostnad i høve til kven, kva og til gjennomføring av tiltak er lite omtala i høyringsnotatet.

Rådmannen er ikkje overtydd om at endringsforslaget fører til at ein får mindre utgifter på lokalt og regionalt plan. Vassforvaltinga skal inngå i regionale og kommunale planar og budsjett. Tiltak skal settast i verk lokalt der vatnet renn. Det er naudsynt med ressursar på mange plan;- kunnskap, samordning, økonomi.

Organisering, nettverk, kompetanse og kunnskap i vassområda og på fylkeskommunalt plan fungerer no gjennom gjensidig tillit og gjennom spleiselag. Å endre dette før dei vedtekne planane er gjennomført, synest å vere lite kostnadseffektivt.

Harmonisering med vassdirektivet.

Om det er naudsynt med ei fagleg harmonisering av vassforskrifta i høve til vassdirektivet, så har rådmannen forståing for det. Rådmannen reknar med at det faglege kan takast opp i ny høyring dersom resultatet av høyringa ikkje fører til store endringar i forvaltingsstrukturen.

Fylkeskommunane (Fk) har ei viktig rolle som samfunnsutviklar og samordnar. Fk har gjennom perioden 2010-2017 organisert, samordna og koordinert arbeidet med heilskapleg vassforvalting i kvart nedbørfelt slik staten har bede oss om gjennom årlege forventingsbrev. I forventingsbrev frå Klima- og miljødepartementet dat. 1.juni 2017, ber departementet fylkeskommunane fortsette dette arbeidet i 2018. Dei peikar særskilt på synergi mellom vassforvaltinga og andre oppgåver som friluftsliv, arealplanlegging, reiseliv/turisme og næring og som rådmannen er heilt einig i. (Vedlegg 4). Det er difor særskilt overraskande at det same departement utan noko forvarsel og dialog kjem med endringsforslaget berre 4 månader etter at forventingsbrevet kom.

Det er viktig med eigarskap til vassforvaltingsplanane. Rådmannen meiner at den organiseringa vi no har, bør kunne utviklast vidare og i tråd med råd om forbetringar som mellom anna følgjeforskinga til NIBR nemner. <http://www.vannportalen.no/publikasjoner/>

Fylkesrådmannens tilråding er å ikkje støtte endringane av vassforskrifta og naturmangfaldlova slik forslaget ligg føre no.

Vedlegg:

1. Høring av forslag til endring i vannforskriften og naturmangfoldloven_KLD
2. Høring av forslag til endring i vannforskriften og naturmangfoldloven_KLD_Høringsnotat_05.10.17
3. Pressemelding-endringer i vannforvaltningen-godkjent
4. Forventninger til fylkeskommunen i 2018 innenfor helhetlig vannforvaltning



MELDING OM FERDIG BEHANDLET SAK

Arkivsak-dok. 17/14655
Arkivkode
Sakshandsamar Ingrid Strande

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Fylkesutvalet	22.11.2017	153/17
2 Fylkestinget	06.12.2017	134/17

Høyring av framlegg til endringar i vannforskrifta og naturmangfoldlova

Fylkestinget har handsama saken i møte 06.12.2017 sak 134/17

Møtehandsaming

Votering

Tilråding frå fylkesutvalet blei samrøystes vedtatt.

Vedtak

1. Telemark fylkeskommune støttar ikkje dei endringane som er foreslått i vassforskrifta om at vassforvaltingsplanane ikkje lenger skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunane ikkje skal ha formell rolle i vassforvaltingsarbeidet.
2. Telemark fylkeskommune meiner at:
 - a. regional plan etter plan- og bygningslova er eit godt verktøy for å fremja sektorovergripande heilskapleg vassforvalting og å nå måla om godt vassmiljø.
 - b. dagens organisering av vassforvaltinga bør halde fram for å sikra ein «botn-opp»-forvalting med politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
 - c. det regionale forvaltingsnivået som fylkeskommunane representerer framleis bør ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vassforvaltingsplanane med tiltaksprogram. Dette mellom anna fordi fylkeskommunane har rolla som regional samordnar og samfunnsutviklar.
 - d. omfattande endringar i vassforskrifta ikkje kan innførast før ein har sett i verk tiltaksprogramma og evaluert både plan og tiltaksgjennomføring samla.
 - e. før ein fastset ny vassforskrift bør ein sjå det statlege ekspertutvalet sine konklusjonar om organisering av statlege oppgåver med sikte på å føre over fleire oppgåver frå stat til nytt regionalt folkevalt nivå, jfr. Regionreforma.

- f. Om vassforskrifta skal endrast, må den fastsetje kva verknad dei vedtekne regionale vassforvaltingsplanane vil ha om ev. ny forskrift vert sett i verk.
- g. Ved ev. endring av forskrifta må det stå at organisering med vassområde skal vidareførast; ikkje kan slik det står i framlegget.
- h. Arbeidet i vassområda har generert kunnskap og kompetanse. Det er etablert gode samarbeidsformar som er viktige å føre vidare. Det må sikrast forutsigbar finansiering av drifta av vassområda slik at kompetansen vert oppretthalde.